

Årsplan

Fjordtun Barnehage

2023-
2024



Sogndal kommune



Godkjend i SU 26.09.2023

Innhold:

Velkomen til barnehagen	s. 3
Verdigrunnlag - styringsdokument - formål	s. 7
Fokusområde 2023/24	s. 8
Barn sin medverknad	s. 11
Samarbeid med heimen - FAU - SU	s. 12
Fagområda	s. 14
Overgangar	s. 19
Emneplan	s.21
Barnehagen sine faglege samarbeidspartar	s.23

Velkomen til Fjordtun Barnehage

Fjordtun barnehage

Barnehagen er ein del av Fjordtun Oppvekstsenter, som ligg heilt ved fjordkanten i Sværefjorden. Den er eigm og vert driven av Sogndal kommune. Barnehagen har 1 avdeling med til saman 18 plassar. Frå hausten 2023 vil der vere 5 barn i alderen 1- 5 år.

Vi held til i lyse, gode lokale i kjellarhøgda. Uteområdet er romsleg og naturen ligg tett på oss, den nyttar vi mykje. Vi har kort og trygg veg til skogen, der har vi uteplass med bålgrue. Fjøra ligg også rett utanfor gjerdet. Vi har tilgang på rom oppe på skulen, blant anna gymsal og leikerom.

Årsplanen for barnehagen gjeld for eit år om gangen, frå midten av august til midten av august året etter. Innhalldet byggjer på føringar i Lov om barnehagar og Rammeplanen for barnehagen. Årsplanen er eit arbeidsdokument som vert utarbeidd i samarbeid med barnehagen sine tilsette, barn og foreldre og dannar eit grunnlag for vidare samhandling gjennom barnehageåret.

Endring i lov om barnehagar er gjeldande frå 1.januar 2021. Det er teke høgde for endring i handlingsplanen frå Sogn Regionråd: «Handlingsplan for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og krenkingar». Denne planen er utarbeida etter satsinga Inkluderande Barnehage Og Skulemiljø (IBOS).

Opningstider i barnehagen:

Barnehagen er open fem dagar i veka frå kl 7.15 - kl 16.15. Aktivitetane startar ca. kl. 09.30, og då bør barna vere komne. Dersom barnet kjem seinare eller blir heime, ynskjer barnehagen å få beskjed. Det same gjeld om barnet ditt skal ha fri i skulen sine feriar. Det vert sendt ut påminning om dette i god tid før ferien.

Visma «Minbarnehage»-app:

Er eit kommunikasjonsmiddel mellom heimen og barnehagen. Dette skal forenkla kommunikasjonen ved å samla alt på ein plass. De som foreldre skal enkelt få fylja med på barnet dykkar sin kvardag, motta og sende meldingar, registrera kva dagar barnet ikkje skal vera i barnehagen. Dagboka i app'en fortel om barnet sine små og store opplevingar i form av bilde og tekst. De gir/avsler samtykkjer i app'en.

Klede:

Det er viktig at borna til einkvar tid har ekstra klede i barnehagen, og hugs å merke dei. Skitne klede legg vi i ein pose ved hylla. Ytterkleda må sjekkast med jamne mellomrom. Ca 2-3 gonger i halvåret vil de bli bedt om å tømme garderoben for klede, grunna sjekk av klede og reinhald, dette får de beskjed om på førehand.

Pris:

Viser til Sogndal kommune si side. Her ligg det til ei kvar tid oppdaterte prisar, samt informasjon om søskenmoderasjon og retten til redusert foreldrebetaling.

<https://www.sogndal.kommune.no/prisar-og-moderasjonar.517080.nn.html>

Mjølk og matpengar:

Matpengane vert trekte gjennom betalinga av barnehageplassen.

Ungane får lunsj- og fruktmåltid i barnehagen. Ein gong i veka har vi eit varmt måltid.

Ferie og planleggingsdagar:

Feriemånaden er juli. Barnehagen har sommarstengt to veker, det vert då gitt tilbod i Sagatun barnehage saman med ein voksen frå Fjordtun. For å nytte bemanninga best mogeleg vert det sendt ut ferieliste med frist i slutten av april, der de skriv behovet de har gjennom sommaren. Dette vil skje i samråd med dykk foreldre/føresette.

Barnehagen har fem planleggingsdagar. På desse dagane kan me ikkje ta mot barn: 11.-14.08.23, 03.11.23, 02.01.24, 10.05.24. Barnehagen er stengd på julafta og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag har vi ope til kl 12.00.

SFO: Morgen- SFO kvar dag.
Ettermiddags- SFO mandag,
onsdag og fredag er
organisert saman med
barnehagen.

Tieplikt og politattest:

Personalet i barnehagen er underlagt lov om tieplikt og har levert politattest i tråd med lov om bhg.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Tilsette ved oppvekstsenteret:

Styrar/ped.leiar : Veronika Gjermo	tlf 47 66 66 78
Assistent: Møyfrid Johanne Dale	tlf 41 31 52 51
Barnehagelærar: Solgunn Lunde	tlf 95 24 05 36
Rektor: Hallbjørg Eidhamar	tlf 92 05 51 76
Lærar: Lars Osland Øygard	tlf 41 60 76 74
Assistent/SFO: Trine J. Skarnes	tlf 41 68 59 32
Lærar: Helga Ese Haugen	tlf 97 51 57 46



DAGSRYTMEN I BARNEHAGEN

- 07.15 :** Leik
- 08.00 :** Frukost
Morgonmøte der me går gjennom det som skal skje den dagen
- 08.30 :** Aktivitet / leik inne / ute
- 11.00 :** Lunsj
Soving
Leik ute / inne
- 14.00:** Frukt
- 14.30:** Leik inne / ute
- 16.15:** Barnehagen stenger

Planen er fleksibel, ein vurderer til ei kvar tid kva som er til beste for borna.

Bursdagsfeiring

Vi feirar bursdagen til barnet i barnehagen. Denne dagen får barnet bestemme varmt måltid ut frå ein meny me har laga for å visualisera ynskja for alle barna våre. Vi lagar krone og har ei markering i samlingsstunda.

Sjukdom

Retningslinjer for dei vanlegaste sjukdomane er:

Brennkoppar

Barnet kan kome tilbake til barnehagen når såra er under kontroll. Det må ikkje lenger vere fare for at smitteførande sårsekret kan påførast andre barn i barnehagen direkte eller indirekte gjennom kontaktpunktar.

Diare/omgangssjuke

Barnet skal haldast heime 2 døgn (48 timer) etter at dei er symptomfrie.

Forkjøling/halsesjuke/influensa

Barnet skal haldast heime ved feber på 38 grader og over, og når det er utilpass med nedsett allmenntilstand.

Vannkoppar

Barnet skal vere heime til utslettet har begynt å tørke inn.

Hand-, fot- og munnsjuke

Ved utbrot av hand-, fot- og munnsjuke i barnehage og skule blir det anbefalt å sette i gong hygieniske tiltak, dvs. god handhygiene og vask av stellebord og liknande. Barn kan gå i barnehagen ved god allmenntilstand uavhengig av utslett.

Augekatarr

Ved mild til moderat augekatarr kan barnet gå i barnehagen, så lenge allmenntilstanden er god. Ved kraftig augekatarr med mykje pussdanning, skal barnet haldast heime til pussdanninga har avteke, dette p.g.a. smittefare i høve andre barn. Ved kraftig augekatarr er det naturleg å oppsøke lege for avklaring, om det blir sett i gang behandling kan barnet kome i barnehagen dagen etter at behandlinga er sett i gang.

Hovudlus

Barnet skal behandlast same dag det er oppdaga hovudlus. Etter oppstarta behandling kan barnet gå i barnehagen som vanleg. Det er viktig at vi i barnehagen får beskjed så snart som mogleg, slik at vi kan gi beskjed til alle om å sjekke barna sine for hovudlus.

Dette er retningslinjene vi fylgjer i barnehagen. Behovet til barnet skal alltid setjast i fokus. Generelt er det allmenntilstanden til barnet som er retningsgivande i spørsmålet om barnet kan gå i barnehagen eller ikkje. Barnet må greie å delta i dei vanlege aktivitetane som m.a. inneber uteleik. Barn med 38 grader feber eller over, eller diare/oppkast skal haldast heime frå barnehagen.

Vi i barnehagen er ikkje kompetente til å uttala oss om ulike sjukdomar. Det er difor viktig at ein rådfører seg med helsestyrer eller lege om ein er usikker. Sjå elles Faglege råd frå Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>



Verdigrunnlaget for barnehagen

Desse styringsdokumenta


- Lov om barnehage
- Rammeplanen
- Barnekonvensjonen
- Årsplanen
- Månadsplanar

Rammeplanen er ei forskrift til Barnehagelova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhold og oppgåver. Den seier at «Barnehagen sitt verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen». Vidare står det at «Barnehagen sitt samfunnsansvar er, i samarbeid med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Rammeplanen framhevar desse punkta: Barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Formål

Vi som jobbar i Fjordtun barnehage legg vekt på å skapa trygge, kjekke og lærerike kvardagar for ungane der den frie leiken har ein sentral plass. Ser det som viktig at ungane får venner, og er gode mot kvarandre.

Kwart barn er unikt og verdifullt, og skal behandlast med respekt. Hjå oss skal det enkelte barn bli sett og anerkjent.



Fokusområde 2023-2024

Sogndalsbarnehagane har satsingsområda: «Livsmeistring - Robuste barn og unge», arbeid mot krenking og vurdering av det pedagogiske arbeidet.

Livsmeistring

Målet med «Livsmeistring - Robuste barn og unge» er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at ungane som bur her, skal få like mogleheter til å utvikla ei god og robust psykisk helse. [Informasjonsfilm](#).

Vaksne i barnehagen skal bidra til at borna utviklar positivt sjølvbilete gjennom meistringsopplevelingar. Dei skal støtte borna i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Personalet er borna sine rollemodellar, og ungane sin trivsel er vaksne sitt ansvar.

I Fjordtun barnehage har me aldersblanda grupper. Dette ser me på som stor verdi då dei små har noko å strekka seg etter som me ser tydeleg har ei god vinning og vert fortare sjølvstendige. Dei store får nokon å visa omsorg for og hjelpa dei som er mindre og ein kan stilla krav til dei eldste. Barna må sjå dei rundt seg og får delta på det kvardagslege som skjer i barnehagen.

Førebygge krenking

«*Mobbing er sosiale prosessar på avvege og kjensler på ville vegar, og når ein person gjentekne gonger og over ei viss tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar. Den vanlegaste forma for mobbing er fysisk og psykisk plaging, krenking, utesettenging og erting*». Ingrid Lund

Førebyggjande arbeid mot mobbing startar i barnehagen. Eit godt psykososialt miljø førebyggjer mobbing og krenking. I den nye mobbelova står det m.a. at barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing, plaging og utesettenging. Dette krev at barnehagane jobbar systematisk med dette. Foreldre og barn skal vera trygge på at barnehagen er ein god plass å vera. Fjordtun oppvekstsenter vidarefører arbeidet, som allereie er i gang med eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. Vi jobbar etter handlingsplanen for inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar, og nyttar verktøya som er i den.

Barnehagen vil :

- Ha null toleranse for mobbing
- Jobbe med sosialkompetanse og ha vennskap som tema.
- Stoppe og markere tydelege grenser ved uakseptabel åtferd.
- Vere lydhøyre og tilstades der mobbing kan skje, observere og rettleie.
- Gripe raskt inn og følgje opp negativ adferd/mobbe-episodar.
- Samarbeide tett med heimen. Ta opp hendingar direkte med foreldre til dei det gjeld. Evt. kalle inn foreldre/foreldregruppe til møte

- Barnesamtale/intervju 1 - 2 gonger i halvåret. Her har vi samtale med barnet om barnehagekvardagen, om kva som er bra og mindre bra.
- Evaluering av arbeidet vårt på samarbeidsmøta og personalmøta.

- **Vi ynskjer at barna skal lære:**
 - Å helse på kvarandre
 - Å takke
 - Å vente på tur
 - Å invitere andre inn i leik
 - Å dele
 - Å halde avtalar
 - Å stå til ansvar
 - Å snakke vennleg
 - Å setje eigne grenser
 - Å yte for fellesskapet, ikkje berre nytte

Aktivitetsplikt

Endring i barnehagelova frå 01.01.2021.

§41 Nulltoleranse og førebyggande arbeid

§42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt Psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenker eit barn.

Regjeringa innførte aktivitetsplikt i barnehagen, som vert sett i verk om nokon meiner seg mobba eller krenka. Barnehagen har eit ansvar for å fylgja med på korleis ungane har det. Viss eit barn ikkje har det bra, skal det få hjelp. Det kan vere føresette, personalet eller barnet sjølv som meldet om dette. Barnehagen skal lage ein skriftleg plan over korleis barnet skal fylgjast opp.

Vurdering

Vurdering er eit viktig verkemiddel for å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet vårt.

- **Månadsplanar**

Informasjon om kva som skal skje, står på månadsplanane. Men innhaldet på månadsplanane kan endra seg utifrå kva ungane har trøng for til einkvar tid, så månadsplanane er fleksible. På månadsplanane evaluerer ein ofte korleis ting har gått og kva som skal skje framover.

- **Foreldresamtalar**

Foreldra har tilbod om 2 foreldresamtalar i året haust og vår, men ut frå trong kan det bli fleire. Begge partar fortel korleis dei tykkjer det går med barnet, og diskuterer tiltak viss noko ikkje går så bra. Dei kan og gi kvarandre gode tips om kva som er bra for barnet.

- **«Tras» og « Alle Med»**

Fjordtun barnehage nyttar kartleggingssystema «TRAS» og «Alle Med».

«TRAS» er Tidleg Registrering Av Språkutvikling. Sosial meistring og leik kjem også inn.

«Alle Med» er eit observasjonsverktøy for å dokumentere barnet si sosiale meistring.

På ein systematisk måte får vi oversikt over barnet si språkutvikling , trivsel i barnehagen og motoriske utvikling.

Føresette skal godkjenne at vi kan nytte desse kartleggingsverktøya på barnet deira.

Elles fyl vi med på barnet si totale utvikling i kvardagen.

- **Vurderingsmåtar:**

- Fortløpende vurdering av det enkelte barn sin trivsel og utvikling.
- Vurdere samspelet i barnegruppa, barn-barn, barn-voksen, voksen - voksen.
- Fange opp barna sine innspel.
- Fortløpende vurdering av foreldresamarbeidet.
- Brukarundersøking.
- Fylje reglar og retningslinjer innanfor barnehagen sitt gjeldande HMS-system.



Barn sin medverknad

Lov om barnehagelova § 3:

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd.

Vi legg til rette for at barna skal

- Oppleve tilknyting og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølve og uttrykkje eigne ynskje.
- Organiserer og planlegge slik at det blir tid og rom til at barna får ytre meininger, ynskjer og behov.
- Barna må få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagedagen.
- Innhente barna sine meininger og synspunkt gjennom samtale, leik og observasjonar.
- Inkludere alle barn på eigne premissar, lære at barn har ulike behov.
- Vere bevisste og lese barn sitt kroppsspråk, handlingar og uttrykk.
- Besøke heimpllassen til barna, for å bli betre kjend og kunne møte barna når dei fortel om ting heime.

Leik

Rammeplanen seier at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at leiken sin eigen verdi skal anerkjennast. Leiken er barnet sin eigen kultur. Den er indremotivert og ein frivillig aktivitet, som barnet sjølv vel å delta i. Gjennom den frie leiken kan borna oppleva trivsel, glede, humor, spenning og engasjement. Leik er læring, og barnehagen sin sentrale arbeidsmetode.

Barn som leikar, syner evne til å slappe av og kose seg åleine eller saman med andre. I leik får barna erfaringar som er viktige for den totale utviklinga m.a. empati og sosial kompetanse. Mange barn lærer av å observere andre i leik, noko dei må få tid til å gjere. Leiken treng og næring som barna får gjennom erfaringar og opplevelingar.

Ei av målsetjingane våre er å skape rom for ulike typar leik. Dette gjer vi ved å veksle mellom frileik, leikegrupper, organisert leik og leik der dei vaksne kan vere med på barna sine premissar. Me jobbar kontinuerleg med å leggja til rette for eit innbydande leikemiljø.

Dei viktigaste læringssituasjonane i ein barnehage oppstår i det daglege samspelet i leik og vennskap mellom barna, og i samspelet mellom barn og vaksne.

I vår barnehage har vi lagt vekt på utforminga av romma til ulike leikemiljø slik at dei innbyr og stimulerer til ulik rolleleik.

Samarbeid med heimen

Lov om barnehagar §1:

«Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.»

Foreldra er dei viktigaste samarbeidspartnalar for oss i barnehagen. Dei kjenner barnet best, og kan hjelpe oss slik at barnet får det best mogeleg i barnehagen. Foreldresamarbeidet har stor betydning i høve arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Det er ulike typar foreldresamarbeid:

Foreldresamarbeid:

- Den daglege kontakten ved bringing og henting.
- Kontakt på Visma og telefon, månadsplanane kjem på Visma.
- Foreldresamtalar, haust og vår.
- Foreldremøte for alle foreldra ved oppvekstsenteret om hausten.
- Ulike foreldretreff som t.d. bygdakafè, torgdag, sommar- og juletrefest, 17.mai-feiring, adventsfrukost, dugnad og liknande. Her har foreldra høve til å møtast og vera saman med barna i barnehagen. Foreldra vert også invitert med på turar vi arrangerer.

FAU:

Alle foreldre ved oppvekstsenteret er medlemmer av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval, FAU, som består av 3 representantar. Hovudoppgåvene til foreldrerådet er å fremja fellesinteressa til foreldra. Foreldrerådet skal vidare skape eit godt samhald mellom heimen og barnehagen. Dei skal og hjelpe til med å leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna.

SU:

Samarbeidsutvalet er det høgste samarbeidsorganet i ein barnehage. Samarbeidsutvalet kan uttale seg i alle saker som vedkjem barnehagen og består av: 2 representantar frå FAU, 1 pedagogisk personale, 1 frå øvrige tilsette, 1 politikar og styrar.

BTI-modellen:

Betre tverrfaglig innsats, er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

Foreldreinvolvering handlar om at BTI-modellen er basert på at foreldre/føresette i utgangspunktet alltid skal vera ein del av løysinga på eit problem. Det blir derfor lagt stor vekt på at dei kommunale verksemndene/tenestene skal samhandla med foreldra gjennom hjelpeprosessen, og at foreldra skal involverast på eit tidleg tidspunkt etter at uroa for barnet/ungdomen har oppstått.

Foreldreinvolvering inneber også at foreldre på eige initiativ kan involvera kommunale verksemder/tenester dersom dei er bekymra for eigne eller andre sine barn.

BTI-modellen skal sikra tidleg innsats, god informasjonsflyt, brukarmedverknad, dokumentasjon og samordning av tenester.

Nivå 0	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<p>Definer uroa / bekymringa for eit barn. Konkretiser, og del bekymringa med tilsette på avdelinga /teamet og nærmeste leiar.</p> <p>Steg 1: Definer uroa for eit barn</p> <p>Steg 2: Konkretiser uroa/ bekymringa di, del uroa di med tilsette på avdelinga/kollega og med leiar</p> <p>Steg 3: Del uroa med føresette/barnet</p> <p>Steg 4: Grunn til vidare oppfølging?</p> <p>Steg 5: Avslutt saka</p>	<p>Jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing på utfordringa for å betre barnet sin situasjon.</p> <p>Steg 1: Skap felles forståing av problemstilling/ utfordring det skal arbeidast vidare med.</p> <p>Steg 2: Opprett stafettlogg og før inn avtalte mål og tiltak</p> <p>Steg 3: Sett i verk og gjennomfør tiltak</p> <p>Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel</p> <p>Steg 5: Evalueringsmøte – avgjerd om veggen vidare</p>	<p>Tverrfagleg samarbeid mellom føresette og barn og to tenester for å løysa utfordringa.</p> <p>Steg 1: Samarbeidsmøte - oppstart</p> <p>Steg 2: Samarbeidsmøte – planlegg tiltak</p> <p>Steg 3: Sett i verk tiltak</p> <p>Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel</p> <p>Steg 5: Evalueringsmøte – avgjerd om veggen vidare</p>	<p>Tverrfagleg samarbeid mellom flere tenester, føresette/barn for å løysa utfordringa.</p> <p>Steg 1: Første møte med aktuell instans</p> <p>Steg 2: Planlegg tiltak</p> <p>Steg 3: Sett i verk koordinerte tiltak</p> <p>Steg 4: Evalueringsmøte - drøftingsdel</p> <p>Steg 5: Evalueringsmøte – avgjerd om vidare koordinert innsats</p>

Fagområda

Fagområda i planen er i stor grad dei same som borna møter når dei tek til på skulen. Fagområda dekkjer vide læringsfelt, og dei inngår først og fremst i dei daglege aktivitetane i barnehagen.

1. KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Tidleg og variert språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Både den non-verbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk.

Ved å legge opp til eit stimulerande språkmiljø i barnehagen, kan vi vere med å oppdage/ redusere eventuelle språk-, lese-, og skrivevanskår. Språk og kommunikasjon er også viktig med tanke på kulturskaping og - overføring.

SLIK ARBEIDER VI MED FAGOMRÅDET

- Vidareføre arbeidet med språket, forståing av ord og omgrep.
- Samtale med ungane. Setje ord på det vi opplever, ser og gjer i alle situasjonar.
- Bøker, høgtlesing og tilgjengelege bøker i barnehagen.
- Reiser på biblioteket i Holmen.
- Song, rim og reglar.
- Synleg skriftspråk.
- Song i kvardagsstiuasjonar.
- Oppmøde ungane å nytte språket sitt i dei ulike situasjonar, setje ord på opplevelingar, ynskjer, kjensler og erfaring.
- Lytte etter lydar.
- Ulike spel der språket må brukast.



2.TAL, ROM OG FORM

Barn syner tidleg interesse for tal og teljing, og dei utforskar rom og form. Leitar etter samanhengar og argumenterer.



3.ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Barnehagen skal bidra til at barna opplever grunnleggjande spørsmål som viktige.

Bli kjende med religion, etikk og filosofi som ein del av livet, og utvikle respekt og toleranse for andre.

Tilegne seg samfunnet sine normer og verdiar, og bli kjende med ulike religionar og dei kristne høgtidene/tradisjonane.

SLIK JOBBAR ME MED FAGOMRÅDET

- Oppmuntre borna til å tilegne seg matematiske omgrep i ulike situasjonar.
- Spel og teljing.
- Undring saman med med barna over likskapar og ulikskapar, storleik, antal, mønster og former.
- La barna få undra seg, visa nysgjerrigkeit og få motivasjon til problemløsing.
- Erfaring med mål og vekt i matlaging, tid, klokke, avstand og lokalisering.
- Bruke digitale verktøy og programmering.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Vi legg til rette for gode opplevingar, og skapar rom for gode filosofiske samtalar og undring i kvardagen.
- Personale møter barna si tru og deira spørsmål og undring med respekt, og støttar barna i utviklinga av eigen identitet.
- Vi markerer alle dei store kristne høgtidene (jul, påske, pinse).
- Arbeid med inkluderande barnehage- og skulemiljø.
- Skapa interesse og forståing for at me er unike på kvar vår måte.

4. NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring.

Barnehagen bidrar til at barna blir kjende i lokalsamfunnet, nærmiljøet, naturen, arbeidslivet, tradisjonar, kunst og kultur osv.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Turar i nærmiljøet og skogen.
- Gards- og bedriftsbesøk i nærområdet.
- Lage kart over bygda med biletar av heimane til barna. Besøker barna i barnehagen slik at dei kan få sjå korleis andre har det og kunne forstå meir då dei fortel
- Konsert- og teaterbesøk.
- Vere med å arrangere bygdakafè.
 - Samarbeid med Bygdekvinne-laga.
 - Underhaldning på juletrefesten og 17.mai.
- Samtalar om og arbeid med andre kulturar.
- Matlaging knytt til ulike kulturar.
- Grunnleggande innsikt i den samiske kulturen.



5. KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Barna kan få høve til å sanse, eksperimentere, skape, tenkje og kommunisere.

Å vere saman om kulturelle opplevingar og skape noko saman, er med å styrke fellesskapskjensla.



6. KROPP, RØRSLE OG HELSE

Barn er fysisk aktive frå dei er fødde, og dei utrykkjer, sansar og skaffar seg erfaringar ved bruk av kroppen.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET:

- Ha tilgang til materiale, rom og ting som stimulerer den kreative delen av dei.

Vi vil at barna skal få varierte felles opplevingar, som kan stimulere til kreative uttrykk som t.d.

- Underhaldning som teater - film og bøker.
- Forming ved bruk av ulike materiell.
- Språkleikar.
- Song, musikk og instrumenter.
- Turar i nærmiljøet og samtalar om estetiske fenomen.
- Fantasi, skaparglede og kreativ tenking.

SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Få gode erfaringar og opplevingar med varierte rørsler og fysiske utfordringar ved nyte nærmiljøet og gymsalen.
- Få forståing og respekt for eigen og andre sin kropp, og for at alle er ulike.
- Tema om kroppen.
- Skape gode matvanar ved eit sunt og variert kosthald.
- Lære barna enkle "miljøvet-reglar".

7. NATUR, MILJØ OG TEKNIKK

- Barna skal få gode opplevingar gjennom leik og utforsking i naturen.
- Få grunnleggande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen.
- Få erfaringar med og kunnskap om dyr og vekstar og deira gjensidige avhengigheit og betyding for matproduksjon.
- Barna skal få lære å observere, undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive og samtale om fenomen i den fysiske verda.

SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Gå turar til faste uteområde over lengre tid, for å sjå korleis naturen endrar seg med årstidene.
- Så og dyrke planter og grønsaker om våren, hauste om hausten.
- Ta bilde, bruke IKT som verktøy og robotar.
- Gjennomføre ulike fysiske eksperiment f.eks.: flyteevne, tyngdekraft.

Heilskapleg syn på læreprosessar.

Innhaldet i dei 7 fagområda i rammeplanen vert ein naturleg del av kvardagen vår. Alt har ein samanheng, og vi har eit heilskapleg syn på læreprosessar. Vi har tru på enkle og oppnåelege mål for barna. Der dei kan oppleva meistring og trua på seg sjølv, med nye utfordringar tilpassa deira alder og funksjonsnivå.

Plassar me nyttar når me er utanfor barnehagen.

- Fjøra og skogen i nærleiken der me har bålsplass.
- Ein fin veg langs sjøen tek oss innover til Thorsnes.
- Vi går turar langs vegen, då over vi på å ta omsyn i trafikken. Vi nyttar refleksvest og lærer oss trafikkreglar.
- Vi tek oss turar i nærmiljøet lenger vekk frå barnehagen. Reisemålet er alt etter årstid, td. Trolløyane for å plukke blåbær, gå på ski og leik.
- Vi har bil vi deler med Sagatun skule og bhg, denne nyttar me ein del til å komme oss litt lengre enn nærområdet.
- Som til dømes biblioteket, Sagatun bhg, Holmen og aboreet på Lunde.
- Gardsbesøk der ungane får bli kjende med husdyra, og plukke grønsaker.

ÅRSTIDENE

Store delar av innhaldet, aktivitetar og tradisjonar i barnehagen vår speglar dei ulike årstidene.

Overgangar

Oppstart i barnehagen:

Det å starte i barnehagen er eit stort steg i barnet sit liv. Det er ein sårbar og krevjande periode for både barn, foreldre og personale. Vi har besøksdagar i forkant av oppstart med ein fast vaksen som er der når barnet byrjar. Ei god tilvenjing er viktig for at barnet skal få ein best mogeleg start i sin nye kvardag. Den fyrste tida til barnet i barnehagen vil vere prega av ekstra tett og nær vaksenkontakt. I starten får barnet knyte seg til ein vaksen i barnehagen for å skape tryggleik.

Avskjed om morgenon

Det er viktig at dei vaksne gir barnet tryggleik og ro når foreldre går om morgenon. Det beste er å lage enkle og greie avtalar med barna omkring avskjed, og halde på dette kvar dag. Gi alltid beskjed til barnet når du går frå barnet. Dette gir forutsigbarheit og tryggleik for barnet.

MÅL:

Barn, føresette og personalet skal oppleve trygge og gode relasjonar til kvarandre.

Barnet skal oppleve støtte frå dei vaksne til å meistre positiv samhandling med dei andre borna i barnehagen.

Tiltak for å førebu barnet på å byrja i barnehagen:

Besøk i barnehagen før oppstart.

Samtale med foreldre.

Foreldre vere med barnet i barnehagen ved oppstart, og ein vurderer kor lenge det trengst.

Barnet får i størst mogeleg grad tilknytningsperson å forhalsa seg til så lenge det er trøng.

Forutsigbare rutinar gjennom dagen.

Gjensidig låg terskel for å ta opp ting for både foreldre og personale.

Frå barnehage til skule:

Rammeplan s. 33

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen, leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordninga.»

Førskuleopplegg:

Ein dag i veka har vi førskule, den har me saman med skulen innimellom. SFO tida er vi saman med dei og blir godt kjende på skulen på denne måten.

Målet med førskuleaktivitetane er at barna skal vere godt budde til skulestart og at dei skal gle seg til å begynne på skulen. Samtidig skal dei oppleve at det siste året i barnehagen er spanande og byr på nye utfordringar og moglegheiter.

Vi jobbar med :

Førebuande lese-/skrivetrening:

- Kjennskap til lyden til bokstavane i namnet sitt.
- Gjer dei merksame på skriveretninga.
- Finmotoriske øvingar: teikning/klypping, blyantgrep
- Høgtlesing
- Rim og reglar, lytteøvingar

Generelt:

- Lytte til andre
- Vente på tur
- Ta ordet
- Konstrasjon
- Ta imot beskjedar
- Reglar for samhandling med andre
- Å bli sjølvstendig i matsituasjon, påkledning.

Førebuande matematikk opplæring:

- Mengdetrening
- Teljing
- Former
- Matematiske omgrep som over, under, tung, lett.
- Spel og puslespel

Overføring av informasjon mellom barnehage og skule:

For å sikre kontinuitet i barna sitt læringsløp, kan informasjon frå barnehagen til skulen vere nyttig. For å gi slik informasjon, må barnehagen ha løyve frå foreldre. Dette ligg inne på VISMA- app`en.

Samarbeid barnehage - skule

Det at grunnskulen, barnehagen og SFO er i same bygg, legg til rette for eit trygt og langsiktig læringsperspektiv, der barn og vaksne lærar kvarandre godt å kjenna. Oppvekstsenteret verdset bygdefolkets interesse og engasjement høgt. Summen av desse rammene bidrar til ein trygg og god barnehage- og skulekvardag, skapt av samhald, openheit, omsorg, tryggheit og lojalitet. Vi har felles prosjekt gjennom året og mot arrangement samarbeider me om underhaldning og planlegginga. Personalet er barnehagen, skule og på SFO så samarbeidet er tett og det er kjende fjes på heile oppvekstsenteret. Vikarane våre er faste, kjende ansikt, dette er med på å skapa eit trygt og godt oppvekst- og læringsmiljø.



Emneplan Fjordtun Oppvekstsenter- barnehage

2022/2023

- Emneplanen er førebels ein rettleiande plan.
- Nye ting vi ynskjer å jobbe med/ innspel frå ungane vil komme til etter kvart.

Vi tek utgangspunkt i årstidene i valg av tema og aktivitetar.

	Månad	Aktivitet	Diverse
S O M M A R	August	<u>Oppstart</u> <u>Bærplukking</u> <u>Fjøra</u> <u>Nærområde</u>	<i>Planleggingsdag 11. og 14. august</i>
H A U S T	September	<u>Haust</u> <u>Planter om hausten - fargar</u> <u>Gardsbesøk- gulrotplukking, potetplukking</u> <u>Brannvernveka veke 38</u> <u>Brannøvingar</u> <u>Meg sjølv, bygda mi, heimstaden min</u> <u>Trafikk</u> <u>Vennskap</u> <u>Aktivitet i gymsal</u> <u>Dyr om hausten</u> <u>FN- dagen</u> <u>Biblioteket</u> <u>Eventyr</u> <u>Lage fugleimat og studere kven som et her</u>	<i>Foreldremøte 11. september</i> <i>Haustferie for skulen veke 41</i> <i>Foreldresamtalar etter haustferien</i> <i>Planleggingsdag 3.november</i>
	Oktober		
	November		

 V I N T E R	 V Å R	 S O M M A R	<u>Vinter</u> Julebodskapet og juleforteljingar Julepynt Bakedag m/besteforeldre/bygdekvinne Snøkrystallar 	<u>Adventsamlingar</u> <u>Adventsfrukost</u> <u>13.des</u> <u>Juletrefest</u> <u>Graut i Andrinastova</u> <u>siste dag før</u> <u>skuleferien.</u> <u>Planleggingsdag</u> <u>2.januar</u> <u>Vinterferie for</u> <u>skulen veke 8</u> <u>Karneval</u>
			<u>Vår</u> Barnehagedagen Bygdecafè Endringane i naturen Påske Fuglar, dyr om våren Så frø Lam Kalv Forteljingar Songleikar Fjøra 17. mai	<u>Barnehagedagen og</u> <u>bygdecafè i mars</u> <u>Påske veke 13</u> <u>17.mai</u> <u>Planleggingsdag</u> <u>10.mai</u> <u>Foreldresamtale</u>
			<u>Sommar</u> Tur Fjøra Forteljingar Sommarfest	<u>Fjelltur</u> <u>Førskuletur</u> <u>Sommarfest</u>

Barnehagen sine faglege samarbeidspartar

1. Pedagogisk - psykologisk teneste (PPT)

Alle kommunar er pålagde å ha ei pedagogisk- psykologisk teneste. Denne tenesta skal hjelpe barn i barnehagen og deira føresette når det er behov for særskild hjelp og støtte. Hjelpa kan omfatte forelderrettleiing, trenings- og stimuleringstiltak, og rettleiing av barnehagepersonalet.

Vi gjer merksam på at personalet ikkje kan ta opp problem med namngitte barn med PP- tenesta utan samtykke frå foreldra.

2. BTI- teamet

Dette er eit team samansett av leiar i BTI-prosjektgruppa, helsesyster, PPT, kommunepsykolog og representant frå barnevern. BTI- teamet er eit rådgivande organ der vi kan drøfte generelle problemstillingar eller anonyme bekymringar. Vi har også høve til å drøfte bekymringar for enkeltbarn om foreldre ynskjer det. BTI har møter ca 4 gonger i halvåret.

3. Helsestasjon

Barnehagen kontaktar helsestasjon ved behov. (Samarbeid om barn med spesielle behov, samarbeid ved epidemiar og i forhold til helse og hygiene i barnehagen).

4. Barnevernet

Barneverntenesta skal sikre born og unge naudsynt hjelp, omsorg og tryggje oppvekstvilkår om dei lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling. I følgje lov om barnevern har alle barnehagar meldeplikt når det er mistanke om omsorgssvikt og barnemishandling.

5. Grunnskule

I overgang frå barnehage til skule.

6. Fagnettverk i regi av Indre Sogn Regionråd

Personalet er med på fagnettverksamlingar. Gjennom programmet "System for styrka læring - Barnehagen som lærande organisasjon" har Sogn regionråd og dei åtte kommunane i indre Sogn etablert fagnettverk for barnehagane sine. Fagnettverk er ein metode for aktiv medskaping og kvalitetsutvikling av barnehagen. Vi har sju nettverk, eit for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen. Målet er å vidareutvikle kvaliteten i barnehagen.

